

Opphaldsløyve i Noreg for statslause asylsøkjjarar no!

Det er noko usikkert kor mange statslause som oppheld seg i Noreg for tida. UDI sin statistikk for januar 2020 viser at det oppheldt seg 141 statslause i asylmottak i Noreg. I tillegg bur der statslause utan opphaldsløyve på private adresser. UDI seier at talet er usikkert.

Ein rapport frå FNs høgkommisær for flyktningar (UNHCR) FRÅ 2015 konkluderer med at norsk lovgjeving og praksis på fleire område bryt med FN sine konvensjonar som Noreg har slutta seg til (“Konvensjonen om statsløse sin stilling” og “Konvensjonen om avgrensing av statsløshet”).

Regjeringa har ikkje fulgt opp rapporten, sjølv om dei i 2019 gav amnesti til ureturnerbare som har vore i Noreg i minst 16 år, når summen av alder og opphaldstid i Noreg er minst 65 år. Framleis er her mange ureturnerbare i Noreg som er fanga her og lever under umenneskelege tilhøve. Samstundes går Noreg glipp av arbeidskrafta deira.

Vi krev at alle som er ureturnerbare og har vore i Noreg i 10 år, skal få opphalds- og arbeidsløyve i Noreg.

Vi krev at Noreg handsamar asylsøkjjarar i samsvar med FN konvensjonane som handlar om statslause, og som Noreg har slutta seg til.